

**Sak: HØYRINGSUTTALE OM SKATTEOPPKREVJARUTVALET SIN
UTREDNING; NOU 2004:12 BETRE SKATTEOPPKREVJING**

SAKSGANG:				
R.f..	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Utvalssak
1	Kommunestyret	22.09.04	04/00517-2	04/61

Vedlegg:

**PS 04/61 Høyringsuttale om skatteoppkrevjarutvalet sin utredning;
NOU 2004: 12 Betre skatteoppkrevjing.**

Rådmannen sitt framlegg:

UTTALE;

- 1. Forsand kommune meiner skatteinnfordringa fortsatt må være ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkreving som ei kommunal oppgåve er svært positive. Blant anna av omsyn til innbyggjarane sin rettsikkerhet, skatteinnkrevinga sin brukervennleik, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom folkesvalt innsyn og kontroll, og ikkje minst den gode løysningsgrada for inndrivning av skattekrav, gjer at Forsand kommune meiner at skatteinnkrevinga fortsatt må vere ei kommunal oppgåve.**
- 2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er svært god. Dei forbetringar som eit samla utval har gått inn for, og som ytterlegare kan forbetra skatteinnkrevjinga i Noreg, meiner Forsand kommune kan gjennomførast innanfor ramma av fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga.**

Behandling i Kommunestyret - 22.09.2004

Reidar Thu ba seg ugild ved behandling av saka p.g.a. han hadde vore med i prosessen i forkant - kommunestyret slutta seg samrøystes til det.

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes.

Vedtak i Kommunestyret - 22.09.2004:

1. Forsand kommune meiner skatteinnfordringa fortsatt må være ei kommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkreving som ei kommunal oppgåve er svært positive. Blant anna av omsyn til innbyggjarane sin rettsikkerhet, skatteinnkrevinga sin brukervennleik, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom folkesvalt innsyn og kontroll, og ikkje minst den gode løysningsgrada for inndrivning av skattekrav, gjer at Forsand kommune meiner at skatteinnkrevinga fortsatt må vere ei kommunal oppgåve.
2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er svært god. Dei forbetringar som eit samla utval har gått inn for, og som ytterlegare kan forbetra skatteinnkrevjinga i Noreg, meiner Forsand kommune kan gjennomførast innanfor ramma av fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga.

Rett utskrift vert bekrefta.

Forsand den 27.september 2004.


Bodil Vika Gjesteland
Politisk sekretær

Kopi: leiar av økonomi (til oppfølging)

Saksutgreiing

Bakgrunn;

I Noreg er det fellesinnkrevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgivaravgift på vegne av alle skattekreditorar. Desse skattekreditorane er staten, fylkeskommunen, kommunane og folketrygda. Fellesinnkrevjinga blir utført av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som også fører skattereknskap og utøvar arbeidsgivarkontroll på fellesinnkrevjinga sitt område. I 2004 omfattar fellesinnkrevjinga snautt 400 milliardar kroner, derav ca ein fjerdedel til kommunane og fylkeskommunane, og ca tre fjerdedelar til staten og folketrygda. Dei øvrige statsskattar og avgifter for 2004 utgjer om lag 300 milliardar kroner, og blir innkrevd av statlige innkrevingsmyndigheter (skattefogder, tollkasserarar og Statens innkrevjingssentral m.v.). Dette omfattar petroleumsskattar, meirverdiavgift, arveavgift, toll og særavgifter, skatt utligna ved Sentralskattekontoret for utanlandssaker, m.v. Utanom fellesinnkrevjinga har dei kommunale skatteoppkrevjarane normalt også ansvaret for innkrevjing av reint kommunale skattar – deriblant eigedomskatten i dei kommunar der ein har innført det.

Sammandrag av skatteoppkrevjarutvalet sin utredning vedrørande forslag om statleggjing av kemnerkontora;

Stortinget har fleire gonger det siste tiåret behandla forslag om å statleggjere skatteoppkrevjarfunksjonen. Både ved behandlinga av St. prp nr 44 i 1994 (ROSA-prosjektet) og ved behandlinga av St. prp nr 41 (STRADEC-utredninga) i 1996 avviste Stortinget å statleggjere skatteinnkrevjinga i Noreg. Utgangspunktet for å vurdere statleggjing på ny, har blant anna vert Riksrevisjonen sine utgreiingar for undersøkingar vedrørande gjennomføring av stadlig arbeidsgivarkontroll og innfordring av uteståande skattar og avgifter. Finansdepartementet varsla i 2002 om at dei ville gjennomføra ei brei utgreiing av tiltak for resultatforbetring i skatteoppkrevjinga.

Skatteoppkrevjarutvalet blei oppnemnt 26 mai 2003 og leverte sin rapport til Finansdepartementet 12 mai d.å. Utvalet sitt mandat har i kortleik gått ut på å foreslå tiltak som kan gje resultatforbedringar i skatteoppkrevjinga, både innanfor ein fortsatt kommunal organisering av funksjonen og alternativt innanfor ein statleg organisering.

Utvalet er gjennomgåande samstemt når det gjeld vurderingar og forslag til funksjonelle forbetringstiltak, og om at disse kan gjennomførast uavhengig av organisatorisk løysning. Tiltaka dreier seg eksempelvis om hyppigare rapportering og betaling av forskuddstrekk og arbeidsgivaravgift, innføring av gebyr ved mislighald og ved utleggstrekk, meir effektive sanksjonar og auka elektronisk tilgang til ulike register. Utvalet fremmer ikkje her ferdig utgreia forslag, men tilrår vidare utredning og oppfølging på ein rekke områder.

Vidare har utvalet vurdert tre alternative modeller for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen. Utvalet har delt seg i eit fleirtal på fem medlem og eit mindretal på to medlem når det gjeld forslag til strukturelle forbetringstiltak. Fleirtalet, beståande av alle dei ikkje-kommunale medlemmane, ser på ein statleg organisering av skatteoppkrevjinga som mest naturleg ut frå oppgåvene sitt innhald og karakter. Mindretalet, beståande av dei kommunale medlemmane, meiner dei fleste argumenter talar for fortsatt kommunal organisering av funksjonen. Flirtalet og mindretalet har også ulike oppfatningar av omkostningar og eventuelle provenyendringar ved ein endra organisering.

Utvalet har ikkje teke endeleg stilling til eller utreda dei nærmare organisatoriske løysningane ved ein eventuell statleg overtaking, men dei har teke utgangspunkt i ein muleg modell der det etablerast egne regionkontor for tvangsinnfordring (dvs kemnerkontor) samtidig som frivillig betaling, skatterekneskapet og arbeidsgivarkontrollen blir handtert av likningskontora. Flertalet i skatteoppkrevjarutvalet ønskjer å overføre 60 - 70 % av dagens oppgåver til likningskontora. Resten – tvangsinnkrevjinga – skal etter planen utførast av statlege tvangsinnkrevjingskontor. Antal slike kontor er høyst usikkert, men tala vil truleg liggja ein stad mellom 6 eller 100 slike kontor. Dette kan få store konsekvensar for dei ansette – då det *ikkje* ligg i korta at alle ansette skal overtakast av staten.

ARGUMENT FOR FORTSATT KOMMUNALT ANSVAR FOR SKATTEINNKREVJINGA.

Kommunal skatteinnkrevjing er av vesentleg betydning for å ta vare på kommunal økonomisk sjølvråderett og ivareta kommunen si sentrale rolle i lokalsamfunnet. Delvis tilbakeføring av selskapsskatten til kommunane vil vere eit forsterkande motiv for kommunen å satse på innfordring av skatt – framlegget om å statleggjere skatteinnkrevjinga bryt med dette. Dersom det blir statleggjering av kemnerkontora, - resulterer det i at ytterligare ein kommunal oppgåve blir sentralisert og statleggjort.

Fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga er i tillegg til kommunal økonomisk sjølvråderett nødvendig, fordi dette sikrar;

Høg løysningsgrad/gode resultat – samt effektiv drift og ressursbruk;

Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å innkrevje mellom 99 % - 100 % av all utligna skatt. Små kommunar har like gode innkrevingsresultat som store kommunar. Dette skyldes at skatteinnkrevjing grunnleggande dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skattytar. Effekten av ein statleggjering er ikkje utreda, og det er vanskeleg å kunne argumentere for at det er noko å tjene på ein statleggjering av skatteinnkrevjinga.

God brukarservice;

Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora har god brukarservice. Ein landsomfattande undersøking gjennomført av Norsk Gallup i 2002 dokumenterer at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora scorar vesentleg betre enn dei statlige skattekontora når det gjelder tilgjengelegheit, kundebehandling, saksbehandlingstid, informasjon og forutsigbarhet i saksbehandlinga.

God rettsikkerhet;

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga medfører god rettsikkerhet for skattytarane, blant anna ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skille mellom på den eine sida fastsettinga av skatten (ligninga) og på den andre side innkrevjinga av skatten. Avstanden mellom fastsetting og innkrevjing av skatt er slått fast som eit grunnleggande prinsipp i tidlige utredningar og Stortingsbehandlingar av skatteinnkrevjinga. Statlige likningskontor og kommunale skatteoppkrevjarkontor, slik det er i dag, gir den beste rettsikkerheta.

Påvirkning av eige inntektsgrunnlag;

Fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga bidrar til å oppretthalde det kommunale økonomiske sjølvstyre. Det er avgjerande for eit levedyktig, lokalt demokrati å kunne påverke eige inntektsgrunnlag, og det skal være ein positiv sammanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv og nivået på lokale, offentlege budsjett. Forslaget

om å gjeninnføra bedriftsskatt som kommunal inntektskilde er eit eksempel på eit slikt tiltak som er meint å etablera ein slik positiv økonomisk samanheng mellom lokalt næringsliv og kommunane. Dersom ansvaret for innkrevinga blir overført til staten og innkrevjingskompetansen i kommunane fell bort, blir kommunen sin mulighet redusert for å kunne påverke sitt inntektsfundament og framtidige inntektsreformer vil bli vanskeliggjort.

Folkevalt kontroll og innsyn samt distriktpolitiske hensyn;

Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga gir grunnlag for folkevalt innsyn og kontroll – blant anna gjennom skatteutvala. Ved ein statleggjing og sentralisering vil dette medføre eit system med store, statlege sektorkontor – og dermed redusert mulighet for folkevalte sin mulighet til innsyn i dei forskjellige sakene.

Effektiv drift og ressursbruk;

Kommunane driv skatteinnkrevjinga svært effektivt, det viser på gjennomsnittet på resultata på landsbasis. I dei fleste kommunar blir skatteinnkrevjinga gjennomført i det same miljø som kommunen si innkrevjing av kommunale avgifter og kommunal fakturering. Dermed blir det også mulig å oppretthalde levedyktige innkrevingsmiljø i dei små kommunar.

Dagens skattebetalingsordning fungerer godt;

Den føreslåtte statlege organisasjonsmodellen inneber at dagens velfungerande skattebetalingsordning blir erstatta av statleg tvangsinnfordring. Skattytarane vil oppleve stigmatisering, ved at frivillig betaling og tvangsinnkrevjing skillast frå kvarandre og plasserast i forskjellige organisasjonar.

Eventuell statleggjing vil medføre betydelege overgangskostnader;

Statleggjing av skatteinnkrevjinga vil medføra store overgangskostnader. Det skal etablerast nye kontor med dei etablerings- drifts- og planleggingskostnader det medfører. Innsparingane på kommunal side ved å fjerne nokre få ansette i kvar kommune vil være minimale. Ansettelse, opplæring og kompetanseoppbygging for nye skatteoppkrevjarar vil medføra ein betydelig utfordring. Statleggjing av skatteinnkrevjinga vil medføra eit proveny tap i ein periode som vil strekkje seg over fleire år. Eit forsiktig anslag tilseier eit proveny tap på 5 milliardar kroner over ein 3 års periode dersom skatteinnkrevjinga blir statleggjort.

Konsekvensane er ikkje utreda;

Forsand kommune meiner at konsekvensane for ein statleggjing er mangelfullt utreda. Spørsmål om korleis ein eventuell statleggjing skal skje – blant anna om dette vil kunne skje som ein virksomhetsovertaking – er ikkje berørt i utredninga. Mangelen på analyse og konsekvensvurderingar av eventuell statleggjing av skatteinnkrevjinga er ein stor svakhet ved utredninga.

Oppsummering

Forsand kommune meiner at det er svært viktig for kommune-Noreg å behalde skatteinnkrevjinga kommunal.

Det kan det virke som forslaget om statlegging av skatteinnkrevjinga med tilhøyrande sentralisering og omorganisering er mangelfullt utreda og mangelen på analyse og konsekvensutredning gjer ein sentralisering og omorganisering usikker. Det er sjølvsagt viktig og heile tida forbetre og eventuelt omorganisere funksjonar som ikkje fungerer godt – men det er like viktig å være kritisk til forslag om å omorganisere noko som fungerer godt!

Forsand den 14. sept. 2004

Terje Nysted
Rådmann

Liv Oftedal
Liv Oftedal
saksbehandler.